

# KONTROLLUTVALET I GISKE KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato: 03.12.2019 kl.13.00

Møtestad: Giske rådhus,  
kommunestyresalen.

Møtet vart leia av Dag Oksnes.

Elles til stades: Asbjørn Furnes, Herman Rørvik Blindheim, Sissel Anita Roald og Knut

Støbakk (vara).

Meldt forfall: Inger Johanne Sund.

**= 5 voterande**

Frå administrasjonen møtte rådmann Marianne Stokkereit på delar av møtet. Ordførar Harry Valderhaug deltok på heile møtet.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsrevisor Knut Gunnar Alnes.

Det var ingen merknader til innkallinga og sakslista.

### **Sak 21/19 Møtebok frå møte 03.09.2019**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møteboka frå 03. september 2019 vart teken til vitande.

### **Sak 22/19 Oppgåver for kontrollutvalet. Oversikt over sakstypar, årshjul og generell informasjon om arbeidet i kontrollutvalet.**

Sakspapir frå sekretariatet datert 26. november 2019.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Giske kontrollutval tek saka til vitande.

## **Sak 23/19 - Orientering om forenkla etterlevingskontroll**

Sakspapir frå sekretariatet datert 26. november 2019.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Giske kontrollutval tek orienteringa til vitande.

## **Sak 24/19 - Overordna revisjonsstrategi 2019 for Giske kommune.**

Sakspapir frå sekretariatet datert 26. november 2019.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet framhevar det fokuset som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2019 for Giske kommune og påpeiker viktigheita av at dette blir teke med vidare.

## **Sak 25/19 - Møteplan for Giske kontrollutval 2020.**

Sakspapir frå sekretariatet datert 26. november 2019.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

**Tysdag 18. februar, fredag 3. april, tysdag 12. mai, tysdag 1. september, tysdag 3. november, kl. 13.00, Giske rådhus.**

## **Eventuelt:**

Kontrollutvalet gjorde vedtak på at dei av medlemmane som ynskjer det og har høve, kan delta på NKRF (Norges kommunerevisorforening) konferansen på Gardermoen i januar 2020. Kontrollutvalsleiar Dag Oksnes koordinerer behov for Ipad for utvalets medlemmar og melder tilbake til administrasjonen.

Møtet var slutt kl. 14.50

Dag Oksnes	Asbjørn Furnes	Herman R. Blindheim	Sissel Anita Roald	Knut Støbakk
leiar (sign.)	nestleiar (sign.)	medlem (sign.)	medlem (sign.)	varamedlem (sign.)